



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2768 - 23/21202

Saksbehandlar:
Olaf Michal Hella
olaf.hella@osteroy.kommune.no

Dato:
22.09.2023

Førespurnad om avtale om byte av tenester som barnehagemynde mellom Alver og Osterøy kommunar.

Att: Kristin Moe og Leif Bjørnar Hopland

Viser til samtale med kommunalsjef Kristin Moe om byte av tenester mellom kommunane i forhold til barnehagemynde. Osterøy kommune har pr i dag 5 kommunale og 2 private barnehagar. For Osterøy er det naudsynt å skilje rolla som eigar og mynde for barnehagane.

Vi ønskjer å lage ein avtale der kommunane Osterøy kommune utfører oppgåver knytt til mynde for Alver kommune i tilsvarande tal barnehagar med omtrent lik storleik som våre barnehagar i Osterøy. Som motyting utfører Alver tilsvarande teneste for Osterøy kommune.

Oppgåver knytt til mynde er i hovudsak desse:

1. (Elektronisk og fysisk) tilsyn i tilsvarande tal barnehagar
2. Godkjenning av bygg etter barnehagelova, her under eventuell bygging av nye eller endring i eksisterande barnehagar.
3. Klagar frå foreldre til barnehagemynda.

For vår del vil byte av tenester gjere at vi får drøfta og likebehandla barnehagemyndet mot resten av regionen.

Håpar Alver kommune er positiv til dette og at vi kan formalisere ein avtale som er gjensidig forpliktande.

Vi høyrer frå dykk.

Med helsing

Olaf Michal Hella
kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG